


Bli med i Knarvik skulekorps!

Knarvik
skulekorps



Aspirantkurs 2016/2017

Knarvik skulekorps treng fleire musikantar, og vi inviterer alle frå 3. klasse og oppover til å bli med på aspirantkurs frå hausten 2016. Du lærer notar og får eige instrument som du har med deg heim. Det å spele i korps er kjempekjekt og sosialt, og du får mange kjekke opplevingar med konsertar, konkurransar og turar.

I Knarvik skulekorps har vi eit hovudkorps og eit juniorkorps. Alle aspirantar har eit eige opplæringsopplegg det første året før dei begynner i juniorkorpset andre året.

Øving vert torsdag ettermiddag/kveld. Om mogeleg nyttar vi SFO-tid.

Viktig informasjon:

- **Det vert informasjonsmøte for aspirantar og foreldre på Knarvik ungdomsskule torsdag 25 august klokka 18.30.**
- Aspirantane vert inndelt i grupper, der kvar gruppe får minimum 45 minutt undervisning. Øvingstid og øvingsstad vert endeleg bestemt når vi ser kva som passar best samla sett. Vi vil så langt det er råd ta hensyn til ønskje frå foreldre og aspirantar.
- Aspirantane vil få instrument og nødvendig utstyr på første øving.
- Medlemar i korpset betalar kontingent. Kontingenten for aspirantar er kr 250 pr halvår. I tillegg betalar ein kr 250 pr halvår for lån av instrument.

Påmelding kan du sende til ei av e-postadressene under. Rekk du det ikkje kan du/de stilla opp direkte på informasjonsmøtet. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Helsing

Kjartan Sylta, styreleiar

Tlf: 91886846

kjartan.sylta@backe.no

Torunn Bachmann, aspirantleiar

Tlf: 92016671

torunnbachmann@hotmail.com



Påmelding til aspirantopplæring i Knarvik skulekorps

Namn på elev

Fødselsdato

Adresse

Namn på foreldre

Mobiltelefon

Føresettes underskrift

Epostadresse til føresette